Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Ard og plog

Oppskr. av: A. Skåsheim

(adresse): Balestrand

Fylke: Sogn og Fjordane

Herad: Balestrand

Bygdelag: Strondi

Gard: Skåsheim

G.nr. ~~4~~ 5 Br.nr. 1. –

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja –

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ja – her hev vore brukt både ard og plog.
2. Ja – sume stader til å brjóta på poletone. Den vanlege arden vart brukt til å brjóta upp åkeren um våren – fyrr dei sådde. (Arda åkeren sa dei aldri). Dei braut på tvert på åkeren. Var åkeren mykje bratt – braut dei stundom beint undanbakke. Dei braut aldri åkeren 2 gonge (andre gong på tvert av den fyrste). Var det mykje ugras i åkeren drakka dei det med grev.

Når dei sådde korn hadde dei ein mindre og lett så-ard som dei braut kornet ned med.
3. Ja, dei braut poletfôrer når dei sette poletor. Når poletone hadde rome brukte dei ein mindre ~~x~~ ard – ofte så-arden til å brjóta på polet-one med.

Ja, dei gjorde skilnad på ard og hyppeplog. – Arden var den tunge, sterke som dei braut upp åkeren med. Ordet hyppeplog

7418

brukte dei ikkje her i 1800 talet. Ard til å brjóta på poletone med var lett- og ofte med ei lili fjøl-(velte-fjøl) på kvar sida.

4. Arden her likna i grunnform nr. 3.- men haldet (styret-) på arden var på den høge krumingi soleis:



Dei slags ardar som teikningane syner var ukjende her.

5. Nei ardtindlone(+) (skjikorne), såg soleis ut(+) eller ardskeione



Millom arden og tindleåsen hadde dei ei jarnlekkja

6. Ardfot nemnde dei det stykket som vangen (plogjarnet) stod på. Det som bestod drog etter nemnde dei ardtindlor - og seinare plogtindlor - eller ardskeior. -

7. Vangsome kunde skifta mykje - alt etter som landet og bruksmåten var. Ein stor breid vange braut godt, men arden vart tung å brjóta med.

Skulde De ynskja fotografi av ard- eller ardar som dei brukte her i grendi kan

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

7418

eg vel få fat i det. Men då må eg få nøgnare utgreiding frå Dykk um det.

8. Veltefjøl var serleg brukt når dei braut på jolelor — so moldi skulde koma vel uppåt eller lauvet.

9. Nei — um horv brukte dei aldri ordet ard.

10. Nei — ei slik skrua — eller styrestong var ikkje brukt her.

Når ballet stod på toppen av arden kunde dei lett få vangen i moldi upp eller ned. Elles kilte dei arfoten soleis som fori skulde gå. — Sjå sida 4.

11. Ardar som fig. 5–7 var ikkje brukte her.

12. Ardane laga dei sjølve på gardane. — Vangsame laga bygdesmeden. Men bonden sa sjølv korleis vangsame skulde vera.

13. Ja — no er dei gamle ardane ikkje meir i bruk.

Plog vart fyrste gong kjøpt her på garden 1908. — Prisen var umlag kr. 40. —

14. Plog som fig 8 var ikkje i bruk her —

15. Moldi på vangen — veltefjøli gav han som braut — ein sparke med foten. —

16. Eit bil millom ard og plog brukte dei vendeplog, som dei

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 7418

køyrde (braut med), både att og
fram.

17. Ard som fig 9 var ikkje
brukt her.

18 Nei – tvo slag plogar brukte
dei ikkje her –

19. Dei kilte ardfoten på arden.
På plogen kunde dei setja
ploggjarnet upp eller ned – til
djupare – eller grunnare for.

20 –
21 } Slike ordar var ikkje brukte
her.

22. Når dei skulde flytta plogen
lagde dei han på sida – og let
hesten draga han.

Den fyrste store plogen
bonden kjøpte her – gjekk
mykje på lån. Då køyrde
dei han i kjerra frå gard
til gard.

23. Plog som fig 12 er ukjend
her –

Dei uttalar ordet
ard = ar.
plog = plog.

Dei segjer ein ard. –

Balestrand 11. desbr. 1952
A. Skåsheim

Tillegg til nr. 10.
Var vangen sliten – og arden ikkje
vilde søkja i djupni – brukte han som
braut ein trepinne – ei lita stong med
knupt i enden framme i jarnlykkja – til
å halda arden nede ned. Det var hardt arbeid.

7418 NORSK ETNOLOGISK GRANSKING